

Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune, 2027-2031

Innhold

§ 1 Formål.....	2
§ 2 Verkeområde.....	2
§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap.....	2
§ 4 Skyss-, kost og overnattingsgodtgjersle i samband med vervet.....	3
§ 5 Dekking av andre utgifter og økonomisk tap i samband med vervet.....	3
§ 6 Arbeidsgodtgjersle.....	4
§ 7 Godtgjersle ved frikjøp (ordfører og varaordfører).....	5
§ 8 Ettergodtgjersle.....	6
§ 9 Pensjonsordning.....	6
§ 11 Rettar ved yrkesskade.....	6
§ 12 Permisjonar.....	6
§ 13 Tilskot til politiske parti.....	7
§ 14 Ikraftsetjing.....	7

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre [sak xx/2026, dd.mm.2026]

§ 1 Formål Forskrifta skal leggja til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken. Forskrifta skal tydeleggjera kva for verv som er omfatta av forskrifta, og kva for kriterium som ligg til grunn for utgiftsdekning og godtgjersle.	Inga endring
§ 2 Verkeområde Forskrifta gjeld kommunale tillitsverv for Bjørnafjorden kommune, så fremt vervet ikkje blir godtgjort for på annan måte. Forskrifta omfattar tillitsverv oppretta etter særlover, så framtidig vedkommande særlov ikkje har eigne føresegner om godtgjersle. Forskrifta gjeld arbeidstakarrepresentantar i styre, råd og utval, i den grad dei ikkje mottar godtgjersle på annan måte. Tilsette i Bjørnafjorden kommune som i kraft av si stilling deltar i folkevalde organ, blir ikkje godtgjort etter forskrifta.	Inga endring
§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap Den som har eit tillitsverv i Bjørnafjorden kommune, har krav på - skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet - dekning av utgifter som følge av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver som ein i forbindelse med utføring av vervet ikkje sjølv kan utføre - erstatning for tapt inntekt som følge av vervet. etter satsar som følgjer av § 4 og § 5 i forskrifta. Krav etter første ledd skal leggjast fram for kommunen så snart som mogleg og seinast innan tre – 3 – månader etter at kravet oppstod, sjå likevel unntak i § 4 for reiser kortare enn 4 km kvar veg. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, blir likevel dekt dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte. <i>Deltaking på kurs, konferansar m.m.</i> Medlemene av folkevalde utval som er oppnemnde eller får løyve av ordførar til å delta på kurs eller konferansar, får dekket eventuelt tap i inntekt. <i>Representasjon i eksterne møte</i> Medlem som blir <i>beden</i> av ordførar om å representera kommunen i eksterne møte, kan få dekket tap i inntekt.	Lagt til tilvising til § 4 og § 5 i forskrifta, samt lagt til «sjå likevel unntak i § 4 for reiser kortare enn 4 km kvar veg.»

§ 4 Skyss-, kost og overnattingsgodtgjersle i samband med vervet Godtgjersle for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a blir gitt etter dei til ei kvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ som p.t. er lik statens reiseregulativ. Køyring til/frå møte skal reknast med utgangs- og endepunkt i den folkevalde sin heim i Bjørnafjorden kommune. Køyregodtgjersle blir gitt når reiseavstanden mellom heim og møtestad overstig 4 km kvar veg. Folkevalde som har kortare reiseavstand enn 4 km kvar veg, får likevel køyregodtgjersle frå og med første km dersom den samla reiselengda til og frå møte overstig 100 km per år. Desse må føra køyrebok og kan først setja fram krav om godtgjersle etter at grensa på 100 km er passert. Fristen på 3 månader i § 3 gjeld difor ikkje for desse reisene. Folkevalde som i periodar bur utanfor kommunen, kan få dekkja reisa til/frå møte etter særskild vurdering, jf. § 8-3 i kommunelova. Ved kostnad over kr 1.100,- totalt, må reiseruta bli godkjend av ordførar før reisa tek til. Folkevalde skal velja billegaste praktisk moglege reiserute. Krav om reisegodtgjersle må registrerast elektronisk.	Tidlegare § 4 er no delt opp i § 4 og § 5 og har fått nye overskrifter. Lagt til at statens reiseregulativ er kommunens reiseregulativ. Det er presisert at grensa på 4 km gjeld kvar veg, ikkje t/r. Det er presisert at krav om reisegodtgjersle for reiseavstand kortare enn 4 km først kan setjast fram etter at grensa på 100 km per år er passert, og at fristen på 3 månader oppstilt i § 3 difor ikkje gjeld desse reisene. Beløpet i fjerde ledd er oppjustert med 12 % i tråd med pris og lønsvekst, avrunda til næraste heile hundre.
§ 5 Dekking av andre utgifter og økonomisk tap i samband med vervet Dokumenterte utgifter etter § 3 første ledd bokstav b, som avløyser, vikar, barnepass og stell av sjuke og eldre, vert godtgjort etter rekning avgrensa oppover til kr 900,- per møte. Dersom oppgåvene blir utførte av ektefelle eller sambuar av den folkevalde, blir det ikkje gitt utgiftsdekning. Tapt arbeidsinntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekkja med inntil kr 4 500,- pr. dag, (kr 600,- pr. time), rekna etter 7,5 t/dag. Det er eit vilkår at det vert lagt fram dokumentasjon frå arbeidsgivar på omfanget av inntektstapet. Vederlag for dokumentert tap i lønsinntekt, gjev grunnlag for feriepengar. Arbeidstakaren skal sjølv senda inn krav på tappt arbeidsforteneste til kommunen. Dersom arbeidsgivaren ikkje trekk den folkevalde i løn, kan arbeidsgivaren senda faktura til kommunen på lønsutgiftene dei hadde for vedkomande når representanten utfører politiske verv, men summen per dag skal ikkje overstiga kr 4 500,- per dag medrekna mva. Tapt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c dekkast med inntil	Tidlegare § 4 er no delt opp i § 4 og § 5 og har fått nye overskrifter. Beløpa er oppjusterte med 12 % i tråd med pris- og lønsvekst, avrunda til næraste heile hundre.

kr 1 500,- per dag for udokumenterte tap. Heimeverande omsorgspersonar, studentar, sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og pensjonistar kan ha krav på erstatning for udokumentert inntektstap når dei må forsømma sine daglege gjeremål for å ivareta tillitsverv. Desse gruppene får godtgjort opp til kr 1500,- per møte eller reisedag.													
§ 6 Arbeidsgodtgjersle <i>a. Fast årleg godtgjersle</i> Fast årleg godtgjersle kan komma i tillegg til møtegodtgjersle. Mottakarar av møtegodtgjersle er spesifisert i punkt b nedanfor. <table border="1" data-bbox="316 674 1123 1144"> <tr> <td>Gruppeleiarar og leiarar i medverknadsråd (Uavhengige representantar blir ikkje rekna gruppeleiarar.)</td><td>Kr 9 300,-</td></tr> <tr> <td>Utvalseleiar av plan-, bygg- og miljøutval</td><td>Kr 70 900,-</td></tr> <tr> <td>Utvalseleiarar av tenesteutval, forliksråd og kontrollutval</td><td>Kr 47 400,-</td></tr> <tr> <td>Styreleiar i kommunale føretak (KF)</td><td>Kr 35 600,-</td></tr> <tr> <td>Medlemar av formannskap, plan-, bygg- og miljøutval og tenesteutval</td><td>Kr 29 700,-</td></tr> <tr> <td>Leiar og medlemmar av andre råd og utval</td><td>Kr 0,-</td></tr> </table> Fast årleg godtgjersle etter denne paragraf gjeld for heile valperioden og blir ikkje justert/regulert. Valåra (første og siste år i perioden) blir avrekna med funksjonstid (2 månader første år, 10 månader siste år). Fast årleg godtgjersle etter første ledd blir redusert med 50 % ved deltaking i mindre enn 2/3 av møta i løpet av kalenderåret. Varamedlem som deltar i minst 1/3 av møta i løpet av eit kalenderår, har rett til 50 % av den faste medlemmen sin årlege godtgjersle etter første ledd. Ein varamedlem som deltar på minst 2/3 av møta, har rett til full fast godtgjersle. Ein fast medlem som deltar på mindre enn 1/3 av møta får ikkje fast årleg godtgjersle. <i>b. Møtegodtgjersle</i> Godtgjersle blir som hovudregel betalt ut til representantar som er valde av kommunestyret, og etter at det ligg føre eit referat eller ein protokoll frå møtet.	Gruppeleiarar og leiarar i medverknadsråd (Uavhengige representantar blir ikkje rekna gruppeleiarar.)	Kr 9 300,-	Utvalseleiar av plan-, bygg- og miljøutval	Kr 70 900,-	Utvalseleiarar av tenesteutval, forliksråd og kontrollutval	Kr 47 400,-	Styreleiar i kommunale føretak (KF)	Kr 35 600,-	Medlemar av formannskap, plan-, bygg- og miljøutval og tenesteutval	Kr 29 700,-	Leiar og medlemmar av andre råd og utval	Kr 0,-	Tidlegare § 5 er no § 6. Beløpa er oppjusterte med 12 % i tråd med pris og lønsvekst, avrunda til næraste heile hundre.
Gruppeleiarar og leiarar i medverknadsråd (Uavhengige representantar blir ikkje rekna gruppeleiarar.)	Kr 9 300,-												
Utvalseleiar av plan-, bygg- og miljøutval	Kr 70 900,-												
Utvalseleiarar av tenesteutval, forliksråd og kontrollutval	Kr 47 400,-												
Styreleiar i kommunale føretak (KF)	Kr 35 600,-												
Medlemar av formannskap, plan-, bygg- og miljøutval og tenesteutval	Kr 29 700,-												
Leiar og medlemmar av andre råd og utval	Kr 0,-												

Den som har eit kommunalt tillitsvern, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter følgende sats:

Tillitsvern	Godtgjersle per møte
Kommunestyremedlemar og Varamedlemar. Leiarar, medlemmar og varamedlemmar i faste utval, administrasjonsutval, kontrollutval. Leiar, medlemmar og varamedlemmar i medverknadsråd, ombudsutval, klagenemnd. Leiar, styremedlemmar og varamedlemmar i kommunale føretak (KF)	Kr 1 800,-
Medlemmer/varamedlem i samarbeidsutval/-råd (etter krav)	Kr 800,-

Lista er ikkje uttømmende, og utval og nemnder som ikkje står på denne lista kan gi rett på møtegodtgjersle.

Satsane gjeld per møte i heile valperioden og blir ikkje justert/regulert.

Det er i utgangspunktet ei godtgjersle per dag. Det kan bli betalt maksimalt to møtegodtgjersler per dag. Korte møte med avgrensa saksliste relatert til føregåande eller etterfølgande møte, for å sikra riktig saksgang, gir ikkje rett til to møtegodtgjersler.

Møtegodtgjersle blir gitt for møte der medlem har møteplikt.

§ 7 Godtgjersle ved frikjøp (ordførar og varaordførar)

Folkevalde som blir frikjøpt frå ordinært arbeid, mottar ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt inntekt etter § 4 og arbeidsgodtgjersle etter § 5.

Ordføraren er frikjøpt i 100 % stilling. Ordførar si godtgjersle er fastsett til 95% av godtgjersla for stortingsrepresentantar.

Varaordføraren blir frikjøpt i inntil 45 % stilling, og godtgjersla blir fastsett til tilsvarande prosent av ordførar si godtgjersle.

Godtgjersla etter denne paragraf vert justert årleg i samsvar med justering av stortingsrepresentantane si godtgjersle, gjeldande frå 1. mai.

Ordførar og varaordførar har rett på 5 veker ferie utan trekk i den faste godtgjersla.

Ordførar og varaordførar skal ikkje ha anna særskilt møtegodtgjersle i kommunale organ.

Godtgjersla til varaordførar dekker òg perioden ordførar har

Tidlegare § 6 er no § 7

4. – 7. ledd er nytt. Medførar ikkje reell endring, men slår fast dagens praksis.

Presisert at godtgjersla til ordførar og varaordførar blir justert årleg.

ferie. Ved anna samanhengande teneste over to veker på full tid som ordførar, er godtgjersla lik ordførar sin.	
§ 8 Ettergodtgjersle Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, har etter søknad rett til ettergodtgjersle i inntil 3 månader når dei fråtrer vervet. Søknad om ettergodtgjersle blir avgjort av kommunedirektøren. Retten til ettergodtgjersle kan bli avkorta mot anna inntekt etter reglane i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.	Tidlegare § 7 er no § 8, elles inga endring
§ 9 Pensjonsordning Folkevalde i ombod på 50 % eller meir av 1/1 stilling, vert melde inn i kommunen si pensjonsordning.	Tidlegare § 8 er no § 9, elles inga endring
§ 10 Rett til sjukepengar Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen. Kommunen skal betala sjukepengar tilsvarande full godtgjersle i arbeidsgivarperioden frå den første til den sekstande sjukedagen, jf. Folketrygdlova § 8-19. Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gongar grunnbeløpet, jf. Folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betala forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.	Tidlegare § 9 er no § 10, elles inga endring
§ 11 Rettar ved yrkesskade Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, skal meldast inn i Bjørnafjorden kommune si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggsforsikringar som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.	Tidlegare § 10 er no § 11, elles inga endring
§ 12 Permisjonar Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med Arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15. Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret. Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersle i inntil to veker, med mindre han eller ho gjev avkall på godtgjersla. Under	Tidlegare § 11 er no § 12, elles inga endring

svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barns og barnepassars sjukdom har den folkevalde rett til å behalda godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.	
§ 13 Tilskot til politiske parti Det blir utbetalt årleg partistøtte til parti som er representerte i kommunestyret. Støtta består av ein fast sum, pluss ein sum per representant i kommunestyret frå partiet. Partistøtta blir fordelt med utgangspunkt i valresultatet og gjeld ut valperioden. Eventuelle utmeldingar i perioden påverkar ikkje fordelinga av partistøtte. Den økonomiske ramma for den kommunale partistøtta blir fastsett i samband med den årlege budsjettbehandlinga. Partistøtta blir utbetalt i starten av året.	Lagt til. Inneverande periode er dette regulert i reglement for politisk organisering og delegering. Temaet passar ikkje inn der, og det blir difor føreslått å i staden ta tilskot til politiske parti inn i forskrift om godtgjersle. (Der det heller ikkje passar heilt inn, men likevel betre.)
§ 14 Ikraftsetjing Forskrifta trer i kraft frå og med konstituerande kommunestyremøte hausten 2027 og gjeld ut valperioden 2027–2031.	Same praksis som tidlegare. Tidlegare § 12 er no § 14.